

SAMARBEIDSAVTALE MELLOM MELAND KOMMUNE OG MELAND IDRETTSRÅD

17 DES. 2013

Jnr. 14/5 Ark. 244 Sakid. 13/2002-1  
 Ark. BBK Ark. del R4

## Bakgrunn for avtalen

Meland kommune og idretten i Meland har felles interesse i å tilby kommunens innbyggjarar best mogleg oppvekstvilkår. Organisert og eigenorganisert idrett har ein sentral plass i born og ungdom sine oppvekstvilkår. Det er allment akseptert at tilrettelegging av fysisk aktivitet for alle er viktig førebyggjande folkehelsearbeid , og dermed god samfunnsøkonomi.

## Meland idrettsråd(MIR)

Alle kommunar med fleire enn 3 idrettslag skal ifølgje Norges Idrettsforbund og Olympiske og Paralympiske komitè (NIF) ha eit idrettsråd. Meland idrettsråd representerer den organiserte idretten i kommunen. Idrettsrådet er samansett av valde medlemmer frå idrettslag i kommunen.

## MIRs viktigaste oppgåver

Idrettsrådet si primære oppgåve er å vere bindeledd mellom idretten og kommunens administrative og politiske leiing. Idrettsrådet arbeider for at idretten i kommunen får best mogleg arbeidsvilkår.

## Samarbeidsavtale mellom Meland kommune og MIR

Eit hovudprinsipp er at saker som idrettslag ønskjer å legge fram for kommunen, og saker som har felles interesse for idretten, vert formidla til kommunen gjennom idrettsrådet. For å styrke samspelet mellom idrettsrådet og kommune inngår partene ein formell avtale. Avtalen klargjer viktige prinsipp, gjensidige krav og forventningar. I tillegg er det viktig å skape forståing og respekt for kvarandre sine synspunkt og arbeidsmåtar.

1. Det skal haldast minst eitt årleg møte mellom Meland idrettsråd og kommunens politiske og administrative leiing. Eit slikt møte vil sikre begge partars behov og informasjonsutveksling på ein ryddig måte.
2. Fastsette datoar for aktuelle kommunale søknader.
3. Idrettsrådet er høyringsinstans i prioritering av spelemidlar.
4. Idrettsrådet kan gje uttale i forkant av budsjettforhandlingar som berører kultur-/idrettsfelt.
5. Idrettsrådet skal vere en høyringsinstans og samarbeidspartner i kommunens planarbeid innan idrett, friluftsliv, folkehelsearbeid og nærmiljøanlegg. Gjeld også evt interkommunalt og regionalt samarbeid / regionale anlegg

6. Idrettsrådet skal vere ein høyringsinstans ved tildeling av tid ved kommunale idrettsanlegg.
7. Idrettsrådet skal bli informert om søknader til kommuneadministrasjonen frå aktørar innan idrett/friluftsliv.
8. Idrettsråd og kommune skal aktivt samarbeide for å finne gode løysingar for inkludering av personar / grupper med særlege behov.

Samarbeidsavtalen gjeld frå 01.mars 2014 og skal revurderast kvart 2. år, eller når ein av partane tek initiativ.

For Meland kommune

For Meland Idrettsråd